



Kasper Nedrehegg, 21 år
Lærdal, Sogn og Fjordane

Jobber hos:
Skanska Survey

Bakgrunn:
Teknisk byggfag på
Sogndal vidaregåande skule

Korleis høyrde du om Kart og Oppmåling?

På grunnkurs hadde eg ein kamerat som kjende ein landmålar, og som fatta interesse for faget. Og han fikk meg også interessert i

landmåling. Dette førte til kontakt med lærer og etter kvart fikk me også tak i ei brosjyre om skulen/linja.

Kvifor valgte du kart og oppmåling?

Eg begynte på Kart og Oppmåling pga min interesse for natur, matte og data. Eg fant ut at dette var ei linje som involverte alt dette, og synes det hørt spennendes ut. Det gjorde at eg søkte og etter kvart valgte å begynne på Kart og Oppmåling.

Om skulen og plassen:

Støren er kanskje ikkje den plassen der det skjer så mykje, men miljøet i lokalbefolkningen og på skulen er upåklagelig. Flyttet på hybel som 16-åring og var ikkje så veldig høg i hatten... Etter kvart som du får kontakt med folk så får ein meir en nok å holde på med allikevel. Gode lærere og godt miljø på skulen fører til at folk trives sammen og samtidig sikrer seg ei god utdanning.

Har fortsatt kontakt med fleire i frå klassen min, og klassen over og under, og alle seier det at tiden me hadde sammen i forbindelse med skulen og på fritiden ikkje kan sammenlignes med noko anna dei har vert med på, og alle seier dei gjerne ville gått om igjenn om dei hadde kunna.

Jobbmuligheter:

Eg hadde bestemt meg for å begynne innen anlegg og søkte difor i 2 anleggsfirma. Siden det var gode tider innan anleggsbransjen, og det at stikkere ofte stiger fort opp til formenn eller høgare i systemet, var det mangel på landmålere. Det førte til at eg fikk 2 tilbud, der eg bestemte meg for å velge Skanska.

Hva går jobben du har i dag ut på?

Jobben min involverer mykje, alt ettersom kva slags arbeidsplass eg er på.

Innan bygg er det mykje utsetting av vegger og diverse søyler og lignende. Samt dokumentasjon/innmåling av det meste som bygges.

Dersom eg er på anlegg, sånn som eg er for augeblikket kjem eg borti utsetting av støttemurer, røyr-grøfter, små bruer, underganger. Til dette trengs ein del trening på tyding av tegninger.

Samtidig blir det brukt GPS-maskinstyring på gravemaskiner og dozere som må sjekkes og oppdateres med jevne mellomrom.

I tunellen blir det etablering av fastmerker, polygondrag og sats-målinger, innmåling og kontroll av tunellen.

Og å holde Boreriggene oppdatert på data, samt kontrollere disse.

Andre ting som eg kjem borti er 3D-modell over anlegget som holdes oppdatert med alt som bygges eller finnes i grunnen fra før av. Enkel areal og-masseberegning.

Til dette blir det brukt både GPS og Teodolitt, samt forskjellige typer maskinstyring til gravemaskiner og borerigger.

Eg har også vert så vidt borti scanning, både av eksisterende terreng og tunellen/haller, i forbindelse med masseberegning og planlegging.